

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSØSTE I HELSE VEST RHF**

Torsdag 23. juni 2005 kl. 1500 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsensplass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Stadfesting av tidlegare vedtak
4. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43 og vedtektenes § 7
5. Godkjenning av godtgjering til revisor, jf helseføretakslova § 44
6. Årleg melding, jf helseføretakslova § 34 og vedtektenes § 7 og § 15
7. Endringar av vedtak i føretaksmøtet 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammevilkår under punkt 5.1 Omstillingsutfordring/balansekraav
8. Endring av vedtektenes § 8 og § 15, jf vedtektenes § 18
9. Innhenting av fullmakter frå helseføretaka til nødnettprosjektet i Justis- og politidepartementet i samband med rammeavtaler for utstyrleveransar
10. Val av nytt styre, jf helseføretakslova § 21
11. Styregodtgjering for styremedlemmar og varamedlemmar, jf helseføretakslova § 21

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Helse- og omsorgsminister Ansgar Gabrielsen

Frå styret møtte: Styreleiar Mai Vik

Følgjande var ikkje til stades:
Arne Nordheim
Anni Felde
Gerd Kjellaug Berge
Jon Lekven
Per Hanasand
Inger F. Hamberg
Aslaug Husa
Helge Espelid

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Herlof Nilssen

I tillegg møtte frå administrasjonen
i Helse Vest: Økonomidirektør Per Karlsen
Viseadministrerande direktør Helge Bryne

Også til stades:

Statssekretær Jan Otto Risebrobakken
Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Avdelingsdirektør Cathrine Meland
Seniorrådgjevar Anne-Mette Ullahammer
Seniorrådgjevar Mette Bakkeli
Rådgjevar Maria Rosenberg

Riksrevisjonen var varslet i samsvar med helseføretakslova og møtte, representert ved Siw Ottesen Iversen.

Vald revisor for Helse Vest RHF Ernst & Young var varslet i samsvar med helseføretakslova og møtte, representert ved Kjell Ove Røsok.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Ansgar Gabrielsen ønskte, som øvste eigarmyndigkeit, velkommen. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Mai Vik og avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å underskrive protokollen.

Helse- og omsorgsministeren overlet møteleiinga til Mai Vik.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Stadfesting av tidlegare vedtak.

Det ble halde føretaksmøte som telefonmøte 10. juni. Saken gjaldt oppheving av vedtak fatta i føretaksmøte 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammevilkår under punkt 5.2 Kapitalfundamentet til Helse Vest RHF. I tråd med etablert praksis skal vedtak som er fatta i telefonmøte, stadfestast i første ordinære føretaksmøte.

Føretaksmøtet vedtok:

Vedtak fatta i føretaksmøte 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammevilkår under punkt 5.2 Kapitalfundamentet til Helse Vest RHF, første avsnitt, blir oppheva.

Sak 4: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43 og vedtekten § 7

I samsvar med vedtekten § 7 ble årsrekneskapen og årsmeldingen fra styret for 2004 lagt fram av administrasjonen til godkjenning i føretaksmøtet.

Statsautorisert revisor Kjell Ove Røsok, Ernst & Young, gjorde greie for revisjonsmelding for 2004.

Føretaksmøtet viste til at den framlagde rekneskapen viser underskot. Det skal haldast fram to tilhøve i forståinga av dette underskotet, desse er og omtala i St.prp. nr. 63 (2003-2004):

- Nivå på verdsetting
- Levetider for anleggsmidla.

I propositionen er det sagt at eit eventuelt underskot som følgje av desse tilhøva ikkje vil påverke dei fastsette styringsmåla knytt til ressursbruk og tenesteproduksjon.

Føretaksmøtet la til grunn disse føresetnadene også for avlegging av rekneskapen i 2004.

Føretaksmøtet merka seg at det i rekneskapane på noen områder kan ha vært lagt til grunn ulik praksis for rekneskapsføring mellom dei regionale helseføretaka. Det har på grunn av tidsfaktoren ikkje vært mogleg å avklare årsak til eventuell ulik behandling mellom dei regionale helseføretaka. Føretaksmøtet legg til grunn at desse forholda blir vurdert før avlegging av neste års rekneskap, jf. protokoll fra føretaksmøtet 17. januar 2005, punkt 5.6 Krav til einskapleg rekneskapsføring.

Føretaksmøtet merka seg vidare at akkumulert underskot som er ført mot strukturfondet i føretaksgruppa er klassifisert som udekket tap under Opptent eigenkapital i morselskapet, slik det er spesifisert i dei retningslinjene som er gitt av

eigar i samband med avlegginga av årsrekneskapen for 2004. Føretaksmøtet pekte likevel på at den delen av akkumulert underskot som er ført mot strukturfondet i føretaksgruppa ikkje bør framstå som udekka tap i morselskapet, men blir ført mot Annen innskote eigenkapital. Føretaksmøtet konstaterte vidare at det forhold som er pekt på verken påverkar årsresultatet eller sum eigenkapital i dei regionale helseføretaka, men at den anviste behandling av underskotet vil gi betre rekneskapsinformasjon om samansetjinga av eigenkapitalen i morselskapet.

I styringsdokumentet for 2004 til Helse Vest RHF heter det m.a.:

"Det forutsettes at Helsedepartementet stiller konkrete krav til det enkelte regionale helseforetak om resultatforbedring i 2004. Dette gjennomføres slik at om lag halvparten av effekten av de samlede omstillingstiltak som er nødvendige i de regionale helseforetakene for å oppnå balanse i 2005, realiseres i 2004."

Føretaksmøtet viste til møter mellom departementet og det regionale helseføretaket og rapportering til departementet frå det regionale helseføretaket i 2004, der dette er følgt opp.

Helse Vest RHF hadde ei berekna omstillingsutfordring på om lag 850 mill. kroner ved inngangen til 2004. Korrigert resultat for året viser eit underskot på 531 mill. kroner. Føretaksmøtet konstaterte at realisert effekt av omstillingstiltak i 2004 er mindre enn opphavleg lagt til grunn. Føretaksmøtet føresette at styret for Helse Vest RHF har økt fokus på den økonomiske situasjonen til føretaksgruppa.

Føretaksmøtet vedtok:

Styret sin framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2004 vert godkjent.

Sak 5: Godkjenning av godtgjering til revisor, jf helseføretakslova § 44

Møteleiar gjorde greie for styret sitt forslag.

Føretaksmøtet vedtok:

Godtgjering til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2004 på kroner 1.125.000,- inkl. mva. vert godkjent.

Sak 6: Årleg melding, jf helseføretakslova § 34 og vedtektenes § 7 og § 15

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for følgjande:

Helseføretakslova § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. Meldinga skal også omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig.

I vedtekten § 7 går det fram at føretaksmøtet skal behandle årleg melding på føretaksmøtet, som skal haldast innan utgangen av juni kvart år. I vedtekten § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i helseføretakslova om dei vilkåra som er knytte til tilskotet er oppfylt. Vilkår knytt til tilskotet går fram av styringsdokumentet til det regionale helseføretaket for 2004.

Departementet har den 1. mars 2005 mottatt årleg melding frå Helse Vest for 2004, og i eigen ekspedisjon av 13. mai supplerande opplysningar knytt til denne meldinga.

Helse Vest har rapportert på de styringskrav som styringsdokumentet setter. Føretaksmøtet merker seg at melding fra pasientombudene er vedlagt.

Føretaksmøtet merkar seg at Helse Vest har hatt aktivitet i 2004 i tråd med føresetnadane i styringsdokumentet. Føretaksmøtet merkar seg særskilt at styringskrava stilte til forsking, beredskap og opplæring av pasientar og pårørande er følgt opp.

Helse Vest har ikkje oppnådd tilfredsstillande resultat i høve til korridorpasientar ved Helse Stavanger. Føretaksmøtet er ikkje nøgd med dei resultata Helse Vest kan visa til i høve til korridorpasientar ved noen institusjonar i enkelte helseføretak. Helse Vest har heller ikkje fullt ut tilfredsstillande resultat for utsending av epikrise etter pasientutskriving i noen helseføretak. Føretaksmøtet er merksam på at alle helseføretaka i Helse Vest har ein markert positiv tendens knytt til denne indikatoren.

Føretaksmøtet understrekar at Helse Vest skal styre helseføretaka sine slik at ein får til måloppnåing innafor det samla systemet av styringskrav, slik dette går fram av styringsdokumentet, slik at ein for sektoren oppnår ei heilskapleg utvikling i ønskt retning.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest vert teke til etterretning.

**Sak 7: Endringar av vedtak i føretaksmøtet 17. januar 2005 i sak 5
Økonomiske krav og rammevilkår under punkt 5.1
Omstillingsutfordring/balansekrev**

I protokollen frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 17. januar 2005 heter det i pkt. 5.1. Omstillingsutfordring/balansekrev:

"I tråd med Stortingets føresetnader legg Helse- og omsorgsdepartementet til grunn at Helse Vest RHF handterer omstillingsutfordringa slik at det blir oppnådd økonomisk balanse i 2005."

Stortinget har i samband med behandlinga av St.prp. nr 65 (2004-2005), jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005), vedteke at Helse Vest RHF skal oppnå økonomisk balanse i 2006 og at halvparten av balansekravet skal bli innfridd i 2005. Første setning i pkt. 5.1 Omstillingsutfordring/balansekrev vert endra i samsvar med dette.

Føretaksmøtet vedtok:

I tråd med Innst. S. nr. 240 (2004-2005) blir det lagt til grunn at Helse Vest RHF halverer si omstillingsutfordring i 2005. Føretaksmøtet legg til grunn at dette tilsvarer at Helse Vest RHF oppnår eit korrigert årsresultat for 2005 som maksimalt utgjør om lag halvparten av korrigert årsresultat for 2004, når tilleggsloyve på 122 mill. kroner er trekt frå, svarande til eit underskot på 205 mill. kroner.

Føretaksmøtet viser til Innst. S. nr. 240 (2004-2005). Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF handterer si omstillingsutfordring slik at Helse Vest RHF oppnår økonomisk balanse i 2006.

Sak 8: Endring av vedtektenes § 8 og § 15, jf vedtektenes § 18

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for endringane i vedtektenes *§ Styrende organer* og *§ 15 Melding til departementet*.

Føretaksmøtet vedtok desse endringane:

§ 8 Styrende organer

I første ledd blir andre setning endra til: "Styret skal ha ti medlemmer." Tredje setning blir endra til: "Sju medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet."

Vedtektenes § 8 blir etter dette:

Helse Vest RHF ledes av et styre. Styret skal ha ti medlemmer. Sju medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet. Foretaksmøtet velger leder og nestleder.

I tillegg velger de ansatte tre styremedlemmer med varamedlemmer. Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.

Den daglige ledelsen av Helse Vest RHF utøves av den styret ansetter.

§ 15 Melding til departementet

Først setning, dato for innsending av årleg melding til departementet, blir endra fra 15. februar til 1. mars.

Vedtektenes § 15 blir etter dette:

Styret skal innen den 1. mars hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.

Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av tjenestene og driften av virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de nærmeste årene, med forslag til finansiering.

Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument.

Sak 9: Innhenting av fullmakter fra helseføretaka til nødnettprosjektet i Justis- og politidepartementet i samband med rammeavtaler for utstyrleveranser

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for innhaldet i saka.

Av administrative omsyn ber Justis- og politidepartementet om at dei regionale helseføretaka førestår innhenting av fullmakter fra underliggende helseføretak. Nærare informasjon blir oversendt dei regionale helseføretaka pr. brev. Helse Nord RHF vil få i oppdrag å innhente fullmakter fra Luftambulansen ANS for radioar/brukarutstyr til luftambulansestenesta.

Helseføretaka vil spille ei viktig rolle for utbygging av nødnettet, spesielt i samband med utskifting av utstyr på kommunikasjonssentralane. Det er eit tett samarbeid mellom Justis- og politidepartementet og Sosial- og helsedirektoratet om planlegging av

sjølve utbyggingsperioden, og helseføretaka vil få nærmere informasjon om dette i tida framover.

Føretaksmøtet vedtok:

Helse Vest RHF skal sørge for å hente inn fullmakter fra underliggende helseføretak til Justis- og politidepartementet, til å inngå rammeavtaler for radioar og brukarutstyr på kommunikasjonssentralar i spesialisthelsetenesta. Fullmaktene oversendes Justis- og politidepartementet/nødnettprosjektet innan 15. september 2005.

Sak 10: Val av nytt styre, jf helseføretakslova § 21

Etter helseføretakslova § 21 blir styremedlemmene valde for to år. Styremedlemmene blir vald i samsvar med helseføretakslova § 21, tredje ledd.

Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for forslaget frå eigar til val av nytt styre.

Føretaksmøtet vedtok:

For perioden 1. juli 2005 – 1. juli 2007 blir følgjande personar valde som representantar til styret i Helse Vest RHF:

Oddvar Nilsen
Kari Oftedahl Lima
Per Hanasand
Svein Andersen
Marit Nordstrand
Bente Moen
Brian Bjordal

Føretaksmøtet har vald Oddvar Nilsen som styreleiar og Kari Oftedahl Lima som nestleiar.

Sak 11: Styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer, jf helseføretakslova § 21

Styreonorara ble regulert i føretaksmøte i juni 2004, årlig styregodtgjering blir uendra i 2005.

For styreperioden frå og med 1. juli 2005 vil det ikkje bli utbetalt honorar utover fastsett styregodtgjering.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg styregodtgjering blir uendra:

Styreleiar: kr 176 000,-

Nestleiar: kr 121 000,-

Styremedlemmer: kr 83 000,-


Varamedlemmer får ei godtgjering på kr 3 300,- pr møte.

Møtet vart heva kl. 1530

Oslo, 23. juni 2005



Frode Myrvold



Mai Vik